

HANDLINGSPROGRAM 2023 - 2026

Vedtatt i styre 06.12.2022



Handlingsprogrammet blir evaluert
og revidert hvert år.

HANDLINGSPROGRAM 2023 - 2026

Innhald

Innhald	1
Forord	1
Satsingsområde og store prosjekt dei neste 4 år	2
Satsingsområde.....	2
Store prosjekt på tvers av avdelingane dei neste 4 år	2
Overordna mål for 2023 – 2026.....	3
Solid kunnskapsproduksjon	3
Relevant formidling	3
Heilskapleg samlingsutvikling	3
Trygg ivaretaking	3
Aktiv samhandling.....	4
Organisasjonsutvikling	4
Oversyn tiltak og handlingsmål for 2023 - 2024.....	5
Prioriterte tiltak og prosjekt som er forventet avslutta innan to år	5
Prioriterte tiltak og prosjekt som går over fleire år	5

Forord

Handlingsprogrammet inngår i strategisk planverk for Ryfylkemuseet. Handlingsprogrammet blir revidert kvart år, og skal gå over to år om gangen.

Det er i Handlingsprogrammet at museet definerer korleis ein skal omsette Strategisk plan. Det definerer både korleis misjon skal bli satt om til effektmål, og utpeiker prioriteringar og større prosjekt i planperioden. Basert på Handlingsprogrammet utarbeidar kvar avdeling årsplanen sin, der effektmål blir omset til konkrete handlingsmål og tiltak.

Handlingsprogrammet blir vedtatt i styret.

Satsingsområde og store prosjekt dei neste 4 år

Satsingsområde

Primært er Ryfylkemuseet sitt formål å bevare, dokumentere, forske på og formidle regional og lokal kulturhistorie og kulturminna. Innafor dette feltet, skal Ryfylkemuseet satse særleg på:

Immateriell kulturarv / handlingsboren kunnskap

- Bygningsvern og tradisjonshandverk
 - Drift og vidareutvikling av Ryfylke bygningsvernsenter
 - Utdanningstilbod innan bygningsvern, inkludert haldningsskapande arbeid
- Folkemusikk og folkedans
 - Notebok-prosjektet
 - Folk på fredag og folkemusikkhelga
 - Vidareføring av Fuglen og folkedansprosjektet

Samfunnsrolla til museet har blitt diskutert i ulike dokument og fora. Ordet famnar om mykje. Ryfylkemuseet skal ha eit særleg fokus på:

- Berekraft
 - Inkludering og mangfald (sosialt berekraft)
 - Klima og miljø (økologisk berekraft)
 - Fremme kritisk tenking og refleksjon (samfunnsetisk berekraft/ danning)
 - Auke eigeninntekter gjennom bygningsvernsenter, kurs, samarbeid, utvikling (økonomisk berekraft)

Prioriterte målgrupper

Musea skal vere for alle – det er ambisjonen og målet. Likevel er det ofte nyttig og nødvendig å sette særleg fokus på ulike målgrupper. Ryfylkemuseet skal jobbe særleg med å nå og involvere:

- Barn og unge/ unge vaksne
- Huseigarar, handverkarar og andre interesserte

Store prosjekt på tvers av avdelingane dei neste 4 år

Dette er prosjekt som er så store at dei går over fleire år, og vil som regel vere på tvers av avdelingar. Mykje av dei tidsressursane vi har til utvikling vil bli bundne opp i desse prosjekta. Ofte går dei store prosjekta på tvers av avdelingane og er i årsplanane delt opp i delprosjekt.

- Det levde liv i Li
- Fornyng av utstillingar
- Utvikling hovudsete, fysisk utviding
- Notebok for Rogaland
- Implementering av FNs berekraftsmål

Overordna mål for 2023 – 2026

Solid kunnskapsproduksjon

- Ryfylkemuseet skal prioritere forskingsbasert formidling på høg nivå.
- Ryfylkemuseet skal legge til rette for og sette av ressursar til forskning og anna vitskapleg kunnskapsarbeid. Vi skal prøve ut metodar og modeller for både forskingsarbeid av eigne tilsette og samarbeid med andre på ulike nivå.
- Ryfylkemuseet skal samle og dokumentere kunnskap om regionen, og spesielt handlingsboren kunnskap innan folkemusikk og tradisjonshandverk.
- Ryfylkemuseet skal vidareføre arbeidet med å bygge opp dokumentasjon/kunnskapsbank for byggeskikk i regionen, og etablere bygningsdelmagasin til framtidig forskning.
- Kompetanseutvikling av handverkarar skal ha høg prioritet.

Relevant formidling

- Ryfylkemuseet skal jobbe med kvalitativ publikumsutvikling. Styrking av samarbeid med frivillige er eit sentralt felt i dette arbeidet.
- Ryfylkemuseet skal jobbe med kvantitativ publikumsutvikling. Dette inneberer blant anna utvikling av nye metodar for formidling av ubemanna anlegg utanfor opningstider, formidlingstilbod retta mot ulike målgrupper eller digitale formidlingstilbod.
- Ryfylkemuseet skal ha særskilt fokus på barn og unge som målgruppe.
- Ryfylkemuseet skal vere opne for alle. Det betyr at vi skal jobbe kontinuerleg med tilgjengeleggjering på ulike nivå (fysisk, sosialt, økonomisk, mm).
- Ryfylkemuseet skal jobbe med å utvikle metodar for å invitere til kritisk tenking, debatt og refleksjon gjennom formidlinga.
- Ryfylkemuseet skal vere ein identitetsskapande institusjon for lokalsamfunnet.
- Vi skal jobbe med å fornye eksisterande formidlingstilbod, til dømes utstillingar, og utvikle nye tilbod, til dømes pop-up museum-metoden.

Heilskapleg samlingsutvikling

- Ryfylkemuseet skal ha fokus på dokumentasjon og bevaring av tradisjonsboren kompetanse for framtida.
- Ryfylkemuseet skal auke kunnskap om samlingane sine.
- Ryfylkemuseet skal ha gode rutinar og kontinuerleg jobbe med vidareutvikling av samlingsforvaltninga. Vi skal ha fokus på kvalitativ samlingsutvikling og langsiktig berekraftig forvaltning.
- Ryfylkemuseet skal ha ei tilnærming til samlingsforvaltning som sikrar at flest moglege samfunnsgrupper er representerte.

Trygg ivaretaking

- Ryfylkemuseet skal jobbe strategisk med forbetring av bevaringsforholda, særleg gjenstandsmagasin og digital dokumentasjon. Vi skal samarbeide med Nasjonalbiblioteket for å digitalisere ulike materiale.

HANDLINGSPROGRAM 2023 - 2026

- Ryfylkemuseet skal vidareutvikle den digitale databasen for folkemusikk frå Rogaland.
- Ryfylkemuseet skal utvikle ein bevaringsstrategi for handlingsboren kunnskap. Blant anna skal vi prøve ut ulike metodar for bruk av visuelle media som dokumentasjon og formidling av handlingsboren kunnskap.
- Verktøy skal vere ei gjenstandskategori som har høg prioritet.
- Ryfylkemuseet skal ha gode verkstadlokale som er eigna til mangfaldig arbeid, og lokale til kurs innan tradisjonshandverk.
- Ryfylke bygningsvernssenter skal bli ein fast del av museet og ein sentral del av arbeidet vårt innan bevaring, dokumentasjon og formidling av bygningsvern, kulturminnevern, tradisjonshandverk og byggeskikk.

Aktiv samhandling

- Ryfylkemuseet skal vere ein aktiv aktør i regionale og nasjonale museumsnettverk.
- Ryfylkemuseet skal styrke kunnskap og kompetanse i regionen, gjennom tilbod av opplæringsopplegg, deltaking i regionale nettverk og anna samarbeid.
- Ryfylkemuseet skal jobbe systematisk med utvikling av skuletilboda. Ryfylkemuseet skal utvikle tilbod som er tilgjengelege for alle skular i regionen.
- Ryfylkemuseet skal vidareutvikle satsing på inkludering.
- Ryfylkemuseet skal utvikle tilbod for læring innan tradisjonshandverk, og ha særleg fokus på ungdommar og unge vaksne.
- Ryfylkemuseet skal jobbe for å styrke regionalt samarbeid på ulike nivå.

Organisasjonsutvikling

- Ryfylkemuseet skal utvikle hovudsete med utviding av lokale.
- Ryfylkemuseet skal utvikle og implementere nytt butikk-konsept i form av ein bygningsvernbutikk.
- Ryfylke bygningsvernssenter skal bli solid etablert i drifta.
- Vi skal jobbe med implementering av tiltak for å redusere fotavtrykket og implementere prioriterte berekraftsmål i dageleg drift.
- Vi skal jobbe kontinuerleg med oppdatering av planverket vårt, til dømes ny plan for digital formidling, revisjon av kompetanseplan, ny forskingsplan, ny handbok for samlingsforvaltning.
- Vi skal jobbe kontinuerleg med fornying av utstillingar og utvikling av nye, faste formidlingstilbod i medlemskommunane våre.

HANDLINGSPROGRAM 2023 - 2026

Oversyn tiltak og handlingsmål for 2023 - 2024

Denne tabellen viser kva avdeling som har hovudansvar (raudt), og kva avdeling er involvert i stor grad (oransje) eller mindre grad (gul).

Prioriterte tiltak og prosjekt som er forventa avslutta innan to år

Frå Handlingsprogram 2022-2023 med nokon oppdateringar						
Tiltak	Formidling	Bygningsvern	Samlingsforvaltning	Folkemusikkarkivet	Administrasjon	Leiargruppa
Ny strategisk plan						
Nye avtalar Sandes og Stavanger (avhengig av samarbeid)						
Restaurering/ førebyggjande konservering Brødrene						
Revidering samlingsforv.plan/ ny handbok for samlingsforvaltning						
Sauda lokalarkiv – praktisk arbeid, utstillingar, flytting						
Sauda lokalarkiv – styre og konsolideringsarbeid						
Det levde liv i Li - dokumentasjon bygningar						
Det levde liv i Li / Digitale anlegg – digital formidling						
Hummermuseet – fornying utstilling 1. et. (avhengig av finansiering og samarbeid)						
Vidareutvikling konsept gateutstilling til pop-up museum						
Fjordafolkets dag Forsand: gjennomføring 2023 og konseptutvikling (avhengig av samarbeid)						
Bygningsvernssenter – gå over i drift						
Folkedanskonsulent- pilotprosjekt						
Utarbeide søknad med prosjektmøte og budsjett for servicebygg på Viga						

Prioriterte tiltak og prosjekt som går over fleire år

HANDLINGSPROGRAM 2023 - 2026

Frå Handlingsprogram 2022-2023 med nokon oppdateringar						
Tiltak	Formidling	Bygningsvern	Samlingsforvaltning	Folkemusikkarkivet	Administrasjon	Leiargruppa
Skilt – nye skilt til anlegga						
Vidareføre og utvikle ordningar for masterstipend og om mogleg doktorantstipend						
Restaurering MS Suldal						
Restaurering Guggedalsloftet						
Gjenoppbygging toalettrom Håland						
Industrihistoria på Jørpeland/ museumsverksemd Strand						
Fuglen og folkedansprosjekt						
Bygdebok for Suldal						
Notebok Folkemusikk i Rogaland						

Dette er særskilte prioriterte tiltak eller prosjekt som kjem i tillegg til dagleg drift.

Dagleg drift og gjentakande tiltak, som til dømes årboka, skjøtsel av kulturlandskap, sommarsesong, og mykje meir krev i praksis rundt 70-80 % av tidsressursar og kring 90 % av driftsmidlar vi har tilgjengelege.

Større utviklingsprosjekt eller ekstraordinære tiltak vil difor ofte berre vere mogleg med hjelp av eksterne tilskott, samarbeid eller frikjøp av tilsette. Innanfor dei ramma vi har, vil vi prioritere dei prosjekta og tiltaka som er ført opp i handlingsprogrammet.